

# Møteprotokoll for Skattetakstnemnd

**Møtedato:** 08.09.2023  
**Møtestad:** Møterom - "Toppene" på rådhuset  
**Møtetid:** kl. 11:00 - 12:30

<b>Frammøtte medlemmer</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Inge Halland	H	Utvalsleiar
Frode Flesland	SP	Medlem
Åshild Rød	V	Medlem

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte: Økonomisjefen og politisk-adm.sekretariat**

---

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
008/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
009/23	Godkjenning av møtebok
010/23	Rammer og retningslinjer for taksering av eideomsskatt i Osterøy kommune - oppdatering 2023
011/23	Klage på eideomsskatt for GBnr 89/25, 89/27 og 92/16 - Mjøs Metallvarefabrikk
012/23	Klage på eideomsskatt for GBnr 101/8 - Drangevågen 1
013/23	Andre saker/spørsmål

## **008/23: Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

**Innkalling og sakliste vert godkjent.**

### **08.09.2023 SKATTETAKSTNEMND**

Det var ingen merknadar til innkalling og sakliste

#### **STN - 008/23 VEDTAK:**

**Innkalling og sakliste vert godkjent.**

---

## **009/23: Godkjenning av møtebok**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

**Møteprotokoll frå 25.08.2023 vert godkjend.**

### **08.09.2023 SKATTETAKSTNEMND**

Det var ingen merknadar til møtebok

#### **STN - 009/23 VEDTAK:**

**Møteprotokoll frå 25.08.2023 vert godkjend.**

---

## **010/23: Rammer og retningslinjer for taksering av eigedomsskatt i Osterøy kommune - oppdatering 2023**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**«Rammer og retningslinjer for taksering av eigedomsskatt i Osterøy kommune» vert vedteke slik den ligg føre.**

### **08.09.2023 SKATTETAKSTNEMND**

Nemnda sette fram slikt fellesframlegg:

""Rammer og retningslinjer for taksering av eiedomsskatt i Osterøy kommune" vert vedteke slik den ligg føre med slikt tillegg på s.1: "" *lagt inn vedtak i heradsstyret HS 093/20 og oppdatert etter eiedomsskattelova kapittel 4*". Det vert gitt administrasjonen mynde til å oppdatere datoar"

**AVRØYSTING:**

Nemnda sitt framlegg vert samrøystes vedteke

**STN - 010/23 VEDTAK:**

"Rammer og retningslinjer for taksering av eiedomsskatt i Osterøy kommune" vert vedteke slik den ligg føre med slikt tillegg på s.1: "" *lagt inn vedtak i heradsstyret HS 093/20 og oppdatert etter eiedomsskattelova kapittel 4*". Det vert gitt administrasjonen mynde til å oppdatere datoar

---

**011/23: Klage på eiedomsskatt for GBnr 89/25, 89/27 og 92/16 - Mjøs Metallvarefabrikk**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Kommunedirektøren gir ikkje framlegg til vedtak i saka

**08.09.2023 SKATTETAKSTNEMND**

Nemnda sette fram slikt fellesframlegg:

"Det er svært vanskeleg å ha fullstendig oversikt over kva som ligg til grunn for noværende eiedomsskatt, basert på rapport frå ESKAN i 2017. Det vert difor vanskeleg å gjere noko anna enn å ta klaga frå Mjøs Metall til følgje. Eiedomsskatten som er utskreven for 2023 for GBnr 89/27 og 92/16 vert difor fjerna og kreditert.

Til neste år, 2024, må Mjøs Metall gå gjennom det som ligg i matrikkelen og gjere greie for om dette stemmer med dei faktiske byggtilhøve på eiedomene med GBnr 89/25, 89/27 og 92/19."

**AVRØYSTING:**

Samrøystes

**STN - 011/23 VEDTAK:**

Det er svært vanskeleg å ha fullstendig oversikt over kva som ligg til grunn for noværende eiedomsskatt, basert på rapport frå ESKAN i 2017. Det vert difor vanskeleg å gjere noko anna enn å ta klaga frå Mjøs Metall til følgje. Eiedomsskatten som er utskreven for 2023 for GBnr 89/27 og 92/16 vert difor fjerna og kreditert.

Til neste år, 2024, må Mjøs Metall gå gjennom det som ligg i matrikkelen og gjere greie for om dette stemmer med dei faktiske byggtilhøve på eiedomene med GBnr 89/25, 89/27 og 92/19.

---

**012/23: Klage på eiedomsskatt for GBnr 101/8 - Drangevågen 1**

## **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Kommunedirektøren gir ikkje framlegg til vedtak i saka

### **08.09.2023 SKATTETAKSTNEMND**

Nemnda sette fram slikt fellesframlegg:

"Skattetakstnemnda vurderer huset sin ytre tilstand som god, sjølv om huset er gamalt. På grunnlag av alder vel ein å sette ned "indre faktor" frå 1 (100%) til 0,9 (90%). Grunna god vegforbinelse til eigedomen finner ikkje nemda grunnlag for å justere ned "ytre faktor". Dette gir eit skattegrunnlag på kr 948.500. Grunna korrigeringer i systemfeil; fjerning av dobbel protokolltakst og tillegg av m2 for våningshus, gir dette likevel ikkje klagar ein redusert eigedomsskatt, men tvert imot eit auke frå kr 3609 til kr 3794 pr år. Nemnda meiner at skattegrunnlaget, på kr 948.500, som no ligg til grunn gir ein fornuftig vurdering av eigedomen."

#### **AVRØYSTING:**

Samrøystes

#### **STN - 012/23 VEDTAK:**

Skattetakstnemnda vurderer huset sin ytre tilstand som god, sjølv om huset er gamalt. På grunnlag av alder vel ein å sette ned "indre faktor" frå 1 (100%) til 0,9 (90%). Grunna god vegforbinelse til eigedomen finner ikkje nemda grunnlag for å justere ned "ytre faktor". Dette gir eit skattegrunnlag på kr 948.500. Grunna korrigeringer i systemfeil; fjerning av dobbel protokolltakst og tillegg av m2 for våningshus, gir dette likevel ikkje klagar ein redusert eigedomsskatt, men tvert imot eit auke frå kr 3609 til kr 3794 pr år. Nemnda meiner at skattegrunnlaget, på kr 948.500, som no ligg til grunn gir ein fornuftig vurdering av eigedomen.

---

### **013/23: Andre saker/spørsmål**

#### **STN - 013/23 VEDTAK:**

Det vert ikkje gjort noko vedtak i saka

---

Til å skriva under møteprotokollen saman med leiar for nemnda vart desse valde: Frode Flesland og Åshild Rød

Lonevåg, 08.09.2023

Runar Ludvigsen  
Sekretær